



Til mottaker

Vår ref.:  
17/2360 - 4 / GED

Dato:  
21.02.2019

## Søknad om forskottering av gang- og sykkelveg Loen - Solvik, Stryn kommune

Vi er kjende med at den aktuelle gang- og sykkelvegstrekinga Loen –Rake ikkje er prioritert i investeringsprogram for RTP 2018 – 2021, men er med på marginallista for prioritering av ikkje oppstarta prosjekt. Vi tillèt oss likevel å søkje om løyve til forskottering av utbygginga av parsellen Loen – Solvik, med sikte på å starte opparbeiding i 2020.

Bakgrunnen for søknaden er ei erkjenning av at trafikken på denne strekinga er sterkt aukande, og det er vanskeleg – eller tilnærma uforsvarleg – å ferdast langs Fv. 60 på denne strekinga til fots og/eller på sykkel. Bebuarane på Rake/Solvik er knytt til Loen sentrum i alle servicesamanhengar – både gjennom handel, skulegong, fritidsaktivitetar etc.. I tillegg har opninga av Loen Skylift ført til aukande trafikk av gåande og syklande på strekinga. Kommunen har tidlegare i eige brev til fylkeskommunen peika på dette.

Prosjektet med å få realisert gangveg på denne strekinga, har vore arbeidd med i lang tid. Vegprosjektet er av sær stor betydning for innbyggjarar og næringsliv i Loen og Stryn kommune.

For å få ei løysing på desse utfordringane er kommunen villig til å forskottere kostnaden med prosjektet Loen – Solvik med 25 mill. kroner i 2020. Kommunestyret har gjort vedtak om dette i samband med handsaming av årsbudsjett 2019/ økonomiplan 2019 – 2022 den 18. desember 2018.

### Nærmare om søknaden

- Søknaden omfattar bygging av om lag 1050 meter gang- og sykkelveg (frå botnstasjonen til Loen Skylift, til avkjørsel til ny veg Solvik – Leitekvia)
- Vi legg til grunn at prosjektet skal kunne gjennomførast innanfor ei kostnadsramme på 25 mill. kr. Med utgangspunkt i Staten vegvesen (SVV) sitt kostnadsestimat for heile strekinga Loen –Rake vil strekinga Loen – Solvik utgjere ein kostnad mellom 31 mill.- 42 mill. Når våre anslag ligg lågare enn kalkyla frå SVV, kan forklaringa vere at strekinga Loen – Solvik er vesentleg enklare å bygge enn traseen vidare mot Rake.

Dette skuldast at gangvegen her i all vesentleg grad går gjennom LNF- område, utan busetnad, mindre sprenging og andre fordyrande element.

- Gangveg Loen Solvik og ny veg med fortau Solvik – Leitekvia vil bli gjennomført som eit prosjekt, over to år. Det er avsett 30 mill. i økonomiplanen 2021 og 2022 til ny veg Solvik - Leitekvia, totalt til begge prosjekta 55 mill. i perioden 2020 - 2022.

Reguleringsplan for strekninga er frå 2004, det er under utarbeiding ny reguleringsplan for gangveg Loen – Solvik som vil vere klar for politisk handsaming i april 2019.

Vi er kjende med fylkeskommunens reglar i samband med søknader om forskotering, men i denne saka bør det vere grunnlag for å fråvike desse – noko som krev at ei sak om det blir førebudd med slutthandsaming i fylkestinget.

Konkret kan kommunen tilby følgjande m.o.t. opparbeidings- og finansieringsmedverknad:

1. Stryn kommune tek opp lån tilsvarande prosjektkostnad – 25 mill. kroner.
2. Stryn kommune svarer renter for heile lånet i 4 år rekna frå det tidspunktet lånet vert oppteke.
3. Fylkeskommunen overtek lånet etter nærmare avtale.
4. Kommunen syter for dei praktiske sidene ved prosjektet slik som grunninnløyning, tilbudsgrunnlag, innhenting av tilbud og byggerekneskap.
5. Prosjektet blir gjennomført i kommunal regi i nært samarbeid med vegvesenet for kvalitetssikring.

Vi håper fylkeskommunen vurderer utfordringane på den aktuelle vegstrekninga som like alvorlege og utfordrande som vi gjer det lokalt. Vi er alle kjende med at nye vegsamband og utbetra vegsamband dei seinare åra har forsterka utfordringane knytt til tryggleiken for dei mjuke trafikantane på denne strekninga. Dette er ei utvikling som etter alt døme vil forsterke seg ytterlegare i åra som kjem.

Vi ser fram til ei positiv handsaming av denne søknaden.

Helsing  
Stryn kommune

Sven Flo  
Ordførar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Vedlegg**

Høringsuttale regional transportplan 2018- 2027	1408122	18.02.2019
Godkjenning av Handlingsdel med økonomiplan 2019-2022 og årsbudsjett 2019	1408123	18.02.2019
Oversiktkart	1408124	18.02.2019



18 08

88#1319:74f3116b-d1fe-4b1d-92ac-6e75c817b394:5